

## Referat frå FAU- møte 11/1-23

Til stades: Frode Ekerhovd, Conny Olufsen, Tina Krøke, Stian Fjæreide, Jan Ole Skogestad og Torun Svennevik.

1. 17. mai feiringa blir flytta til Fjell ungdomsskule pga. ombygginga på Kolltveit skule. Tina snakkar med ungdomsskulen. Komitéen har ikkje komt i gong. Det er vanskeleg å få folk frå 2. og 5. klasse til å stille i hovudkomitéen. Om ingen melder seg frivillig innan ca. 1 veke blir det loddtrekning.
2. Gode tilbakemeldingar frå juleavslutningane . Bra gjennomføring med god deltaking rundt juletreet. Tusen takk til Rema 1000 på Fjell for sponing av fruktkorgene til festane 😊 Det har komt nokre utspel til forbetring til neste gong: Ein frå kvar klasse må vere representar i hovudkomitéen, dat ette for å betre informasjonssflyten til klassane. Om mågleg få låne PC frå skulen og «skulen» stiller med pianist. Det siste kan bli vanskeleg dersom det ikkje er lærarar som spelar piano. Om det er det kan vi spørje dei om å spele, mot at dei sjølv sagt får eit lite honorar for det. Men elles så er det vi foreldre som har ansvar for den delen av festen som er etter elevprogrammet.
3. FAU har fått beskjed om å rydde i rommet som vi disponerer i tilfluktsrommet saman med 17. mai komitéen. Det vil bli rydda 18/1-23 kl 18. Vi må kaste det som ikkje er brukande og resten blir sortert og putta i kassar.
4. Det er komt henvendelse frå foreldre i 1. klasse om at fadderklassen (5.kl) har dårleg språkbruk til faddarbarna sine. Dette vil bli tatt opp med lærerne i 5. klasse, som igjen snakker med elevene.
5. Forslag til saker til SU: \* Kva meiner lærarane om leksefri skule?? Kan det vere aktuelt ved Kolltveit skule? Fordeler/ulempar. \* Har skulen fått informasjon om kva konsekvensar bygginga av Sotrasambandet vil få for trafikkikkerheita rundt skulen. Blir Kolltveitveien «hovudvegen» rundt Kolltveit?
6. Jan Ole har undersøkt kven som har eigarskap til Dropboxen til FAU. Dette er det vanskeleg å finne ut av. Vi blei enig i å starte på nytt, og vi får alle tilgang til den, og kan redigere og legge ut nye filer. Det trengs ei opprydding og systematisering i dokumenta på Dropboxen slik at det er lettare å finne fram og oppdatere dokument.
7. 24. januar er det ryddedugnad på skulen, der rektor ynskjer 2-3 foreldre frå kvar klasse til å hjelpe til med å kaste ting som ikkje er brukbart lenger, i ein kontainer. Dette er i forbindelse med oppussinga av skulen. Vi legg spørsmål om kven som kan stille ut i Facebookgruppa til kvar klasse.
8. Neste møte blir 22/2-23

Referent: Torun Svennevik